



## Ulriken Janitsjar

### Hordaland fylkeskommune

- søknad om tilskot til NM-tur

Ulriken Janitsjar (UJ) eit samarbeidskorps for skulekorpsa ved Slettebakken, Fridalen, Nattland og Sædalens skular i Bergen. Også elevar frå andre skular i Bergen har høve til å vere med. Samarbeidet starta i 1997, så neste år feirer me 20-årsjubileum. Me har per dags dato kring 60 medlemmer i aldersgruppa 8-19 år fordelt på hovudkorps, juniorkorps og aspirantkorps. Alle musikantar får låne instrument og får individuell undervisning ein gong i veka med dyktige instruktørar. Ein gong i veka har me også fellesøving i dei respektive korpsa.

I tillegg til dei vekentlege øvingane har me ein tett aktivitetsplan gjennom året der me deltek i konkurransar, har konserter, seminar, turar, juletrefest og sommarmusikkskule – i 2014/15 sette me endå til opp ein musical i Fana kulturhus og Fyllingsdalen teater.

UJ har ikkje opptaksprøver eller reservebenk, og våre dirigentar jobber aktivt for at borna/ungdomane våre skal få oppleve utfordringar og mestring, både musikalsk og sosialt. På våre seminar og sommarmusikkskular står musikalsk og sosial aktivitet på tvers av aldersgrupper på agendaen. Me er svært stolte av korleis våre eldste musikantar tek vare på dei yngre – dei er rause med å gje kvarandre ros og oppmuntring. Applausen hjå medmusikantane sit laust, anten det er sketsjar eller musikk som vert framført. Dette skapar vidare trygghet for å våge krevjande seriøse solistframføringar i konkurranse-samanheng. I UJ har me ein filosofi om at både sosialt fellesskap/samspel og individuell utvikling er naudsynte ingrediensar for musikalsk kvalitet og utvikling.

I UJs hovudkorps, som er for musikantar frå ca. 11 til 19 år, klarar me å kombinere breidde med eit svært høgt musikalsk nivå, fordi alle får utfordringar tilpassa seg sjølve. Mange av musikantane speler også i andre korps eller band i tillegg, mellom anna Hordaland Ungdomskorps, mange opptrer som solistar i konkurransar, og for nokre er UJ springbrettet til ein musikalsk karriere.

Ulriken Janitsjar er regjerande norgesmeister i skulekorps janitsjar. Korpset har vunne NM i 2015, 2013, 2007, 2005 og 2003, og har hatt pallplass i 10 av de 12 åra korpset har spelt i 1. divisjon. *Med andre ord har Ulriken Janitsjar over lengre tid representert Hordaland på ein framifrå måte i nasjonal korps-samanheng, og gjort sitt til å setje Hordaland på kartet.*

I samband med NM – som nesten kvart år vert arrangert i Larvik, har korpset som tradisjon å ha tilhald på eit hotell i Åsgårdstrand. Her får musikantane roa ned og lagt inn dei siste timane med øving og finpussing før meisterskapen. Som det framgår av budsjettet i søknaden, har me i tillegg til overnatting utgifter til buss, måltid, deltakar-kontingent, dirigent og instruktørar.

UJ har sidan starten i 1997 vore drive av frivillige. Dei årlege utgiftene til dirigentar/instruktørar og til innkjøp og vedlikehald av instrument er store. Sjølv om foreldregruppa brukar mykje tid til å skaffe inntekter til korpset, m.a. gjennom loppemarknader og dugnader, er me avhengige av tilskot og gaver både frå privat og offentleg sektor. Når me no søker Hordaland fylkeskommune om støtte til vår årlege NM-deltaking, er det sett i lys av den gode måten UJ har representert Hordaland på i meisterskapen over mange år, og det viktige arbeidet me legg ned for born og unge i ein av Hordalands kommunar. Me håpar me kan verte tilgodesett med midlar!